

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 11/2004

Møtedato: 5.2.04

Arkiv nr:

KOMMUNEDELPLAN

Statskog ynskjer å få vurdert grensa for planområdet på nytt. Grensa er utvida noko mot tidlegare kommunedelplan. Statskog ber vurdert ei utviding vestover i området sør for Panoramavegen. Vidare bør det vurderast om grensa skal trekkjast utanom stølane S 657, S 736, S 660 og S 1005.

I sak 71/03 gjorde fjellstyret følgjande vedtak: *Fjellstyret har i fyrste omgang ikkje andre merknader enn at det er viktig at eksisterande plangrenser står ved lag*

Statskog ber fjellstyret vurdere grensene på nytt.

Ved kommunestyret si eigengodkjenning av kommuneplan i sak 48/03 vart grensene for kommunedelplan i realiteten bestemt. Det er derfor ikkje ynskjeleg å ta opp diskusjonen om grensene på nytt. Det er derimot viktig å vurdere planstatus for dei ulike områda innanfor kommunedelplan. Areal som er innanfor kommunedelplan er ikkje berre utbyggingsområde, men det skal også sikrast andre interesser m.a. ved LNF-område. Landbruk- og friluftsiinteressene kan sikrast like bra innanfor gjeldande plangrense.

VEDTAK:

Fjellstyret finn det unødvendig å endre grensene for kommunedelplan. For det vidare planarbeidet, vil fjellstyret presisera at ein ynskjer at det areal som er definert som LNF-område i eksisterande planer får same status i ny kommunedelplan.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 11.2.04.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Vestre Slidre kommune